

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

Kviteseid, 15. mai 2018

Innkalling til rådsmøte

Stad:	Rauland Høgfjellshotell
Dato:	Tysdag 22. mai 2018
Kl. :	10.00

Møtet i Vest-Telemarkrådet 22. mai 2018 er lagt til Rauland Høgfjellshotell i Vinje kommune.

Møtet startar 10.00 med orienteringar; Jon Rikard Kleven vil gi ei orientering om opplegg rundt Vitalisering av Rådet. Anne Aasmundtveit vil gi ei orientering om framdrift i digitaliseringsprosjektet.

Det er kun ei sak til handsaming på sakskartet og det er Prioritering av skjønnsmidlar: Nye nettsider til kommunane; arbeidsprosess og finansiering.

Etter Rådsmøtet, men før lunsj, blir det eit arbeidsmøte.

Det vil bli servert lunsj kl. 11.30.

Vi ynskjer velkomen til Rauland.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Jon Rikard Kleven (sign)
Regionordførar

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar

Sakliste til Rådsmøte 22. mai 2018

Sak 19/2018 Referat frå rådsmøta 13. mars og 24. april 2018

Sak 20/2018 Orienteringssaker

- *Vitalisering av Rådet*
- *Framdrift Digitalisering*

Sak 21/2018 Prioritering av skjønnsmidler: Nye nettsider

Sak 22/2018 Eventuelt

Etter Rådsmøtet blir det eit arbeidsmøte.

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 13. mars 2018

Tilstades: Regionordførar Jon Rikard Kleven, Halfdan Haugan, Erik Skjervagen, Jarand Felland, Halvor Homme, Tarjei Gjelstad, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, John Kleiv, Sverre Sæter og Finn-Arild Bystrøm.

Forfall: Øystein Tveit.

Frå Telemark

Fylkeskommune møte: Hans Edvard Askjer og Therese Lahus

Frå adm møte: Ole Dalen og Anne Aasmundtveit.

Dag Rorgermoen, dagleg leiar i Vest-Telemark Museum, Anders Sandvik, ass. Rådmann i Vinje, Wenche Risdal Lund, dagleg leiar, og Torleif Lund, fagleiar, i IKA Kongsberg møte i sak 08/2018

Sak 07/2018 Referat frå rådsmøtet 13. februar 2018

Vedtak: *Referat frå rådsmøtet 13. februar 2018 vart samrøystes godkjent.*

Sak 08/2018 Orienteringssaker

1. Telemark kunstmuseum

Dag Rorgermoen, dagleg leiar i Vest-Telemark Museum, orienterte om planane for å etablere Telemark Skulpturmuseum i Rauland. Målet er å huse arbeidet til anarkjente bilethoggarar frå Vest-Telemark under same tak.

Det blir i desse dagar arbeid med om planane er realistiske. I løpet av våren skal prosjektet bli presentert i Kulturdepartementet, så skal formannskapet i Vinje ta stilling til om det skal jobbast vidare med prosjektet, som er kostnadsrekna til 50 mill kr, med finansiering frå Vinje kommune, Telemark fylkeskommune, TUF, Kommunal departementet m.fl.

Det er ikkje avklara kven som skal bygge, men drifta skal bli lagt til det konsoliderte museet.

Vest-Telemarkrådet stiller seg positive til planane.

2. Prosjektet VIS

Anders Sandvik, ass.rådmann i Vinje, orienterte om prosjektet VIS; *Veiledning, Integrasjon og Samskaping.*

Prosjektets visjon: å bidra til betre reell integrasjon gjennom å ta i bruk nye lærings- og refleksjonsmetodar i tillegg til dei obligatoriske samfunnskunnskapstimane i Introduksjonsprogrammet.

Resultatmål: Betre inkludering og integrering kan bety fleire innvandrarakar ut i arbeid og utdanning, fordi dei ser det norske samfunnet med andre auge; får betre psykisk helse; meir trivsel; tilpassar seg betre i jobbsituasjon; meir deltaking i samfunnet/friviljuge organisasjonar og arbeidslivet blir meir positive til innvandrarakar.

Prosjektet har fått midlar frå FORKOMMUNE, som er eit forsknings- og innovasjonsprogram i Forskningsrådet, noko som gir prosjektet høg status.

Vinje kommune samarbeidar med to kommunar; Larvik og Øvre Eiker. Alle desse tre kommunane er svært ulike kvarandre.

3. IKA Kongsberg

Wenche Risdal Lund, dagleg leiar, og Torleif Lind, fagleiar, i IKA Kongsberg orienterte om tenestetilbodet og eigarfinansieringsordninga til IKA Kongsberg.

IKA Kongsberg er eit interkommunalt selskap eigd av kommunar og fylkeskommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark.

Hovudoppgåva er å ivareta, formidle og sikre tilgang til arkivas informasjon for dagens og framtidens innbyggjarar.

Det er Representantskapen som tek stilling til kostnadsfordelinga.

I september 2018 blir det invitert til eit eigarmøte der eigarfinansieringa og kommune- og regionreformens konsekvenser for selskapet er tema for møtet. Ein skal drøfte variablane som ligg til grunn for eigarfinansieringa, med det mål å få ei så rett kostnadsfordeling som råd.

Wenche Risdal Lund viser til <http://www.ikakongsberg.no>, der ein kan finne protokoller som m.a. syner ulike eigartilskotsmodellar.

Det blei reist spørsmål om det kunne vera mogleg å skilje arkivering og saksbehandling. Wenche Risdal Lund uttalte at dersom det var ynskjeleg å vurdere ei slik løysing, så kunne det vera interessant for IKA Kongsberg å delta i ei eventuell utvikling av dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tar orienteringane til vitande.

Sak 09/2018 Samarbeid Vest-Telemark kommunane om busetting av flyktningar.

Ketil Kiland gjekk gjennom notatet som fylgde som vedlegg til saka; om konsekvensar for at småkommunar under 5000 innbyggjarar ikkje skal kunne ta imot flyktningar og at eit eventuelt interkommunalt samarbeid kan likevel gjera mottak av flyktningar mogleg. Det vart opplyst om at 50% av kommunane er under 5000 innbyggjarar.

Eit eventuelt IKS vart drøfta, med dei ulike føremunner og andre konsekvensar eit slik samarbeid kan leie til når føremålet er mottak og integrering av flyktningar. Eit IKS kan vera ei løysing dersom vedtaket om ei nedre grense på 5000 ikkje blir endra.

Rådet drøfta seg fram til at det fyrst og fremst er ynskjeleg å ta initiativ til å få eit vedtak som gjer at småkommunar også kan få høvet til å integrere flyktningar, derfor vil det vera viktig å jobbe politisk for å få til ei slik endring.

Vedtak: Rådet ynskjer ikkje å gå vidare med eit interkommunalt samarbeid no. AU og regionrådsleiar får i oppgåve å arbeide vidare med saka politisk.

Samrøstes vedteke

Sak 10/2018 Digitalisering

Digitalisering vart lagt fram som sak i Rådet 13. februar som fatta følgjande vedtak:

Saka med disposisjon for digitalisering vert utsett til neste møte i Rådet 13. mars 2018. Rådmennene får i oppgåve å tilrå to alternativ til organisering av samarbeidet knytt til digitalisering: 1) Gjennom VTR 2) Gjennom vertskommunemodellen.

Rådmennene drøfta saka i Rådmannsutvalet i møte av 16. februar og dei kom fram til at det mest tenelege var å legge prosjektstillinga som skal jobbe med digitalisering til VTR og at stillinga inngår i driftskostnaden til regionsamarbeidet, samt at personvernombod skal inngå i stillinga.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser digitalisering som ei felles utfordring alle kommunane vil tene på å samarbeide om og stør innstillinga frå rådmannsutvalet også om val av organisering. Saka sendast til kommunane for handsaming med målsetting om å starte felles samarbeid på digitalisering i tråd med framlagte disposisjon.

Samrøystes vedteke

Sak 11/2018 Forslag til årsmelding/årsrekneskap 2017

Framlegg til årsmelding og rekneskap 2017 vart presentert ved administrasjonen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2017.

Samrøystes vedteke

Sak 12/2018 Forslag til sakliste og møtestad for Vest-Telemarktinget 24. april 2018

Digitalisering kom opp som eit forslag til tema på tingmøtet i tillegg til samferdsel ved Børge Skårdal.

Det er ynskjeleg å inviterer ein ekstern person som kan lyfte temaet «digitalisering» og sette dette i ein aktuell kontekst for det kommunale samarbeidet.

Jan Myrekrok og Ole Dalen får i oppgåve å invitere ein slik ressurs.

Forslag til namn som kom opp i møtet var Torgeir Waterhouse frå IKT Norge.

***Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste, samt at møtet i Tinget vert lagt til Dalen i Tokke.
I tillegg til ei orientering om samferdsel, skal digitalisering vera eit tema på tingmøtet.***

Samrøystes vedteke

Sak 13/2018 Møte mellom Vest-Telemarkrådet og Telemarksbenken.

***Vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer møte med Telemarksbenken i Oslo 21. august 2018 kl. 17.00.
Forslag til saker som skal drøftast med Telemarksbenken vert lagt fram som eiga sak til rådsmøtet 22. mai 2018.***

Sak 14/2018 Høyring om endringar for omdelingsfrekvens av post

Samferdselsdepartementet har sendt ut eit forslag om å endre omdelingsfrekvensen for post ut på høyring. I dag er er omdelingsfrekvensen på fem dagar i veka. På oppdrag frå departementet har konsulentfirmaet Copenhagen Economics utarbeidd ein rapport der dei vurderar fire scenarier, av desse fire ser departementet scenariet med i 2,5 omdelingsdagar i veka som mest realistisk.

Rådet støttar framlagte forslag til høyringsuttale der det blir argumentert for oppretthalding av postomdeling 5 dagar i veka.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet ynskjer ingen endring i postlova og vedtar framlegg til høyringsuttale slik den føreligg, med ein tilførsel at Vest-Telemarkrådet oppmodar sterkt om at støtta til avisombering blir oppretthalde.*

Samrøystes vedteke

Sak 15/2018 Eventuelt

- Aasmund Olavsson Vinje

I samband med forfattarens jubileum, er det sendt ut invitasjon til alle Vest-Telemark kommunane om å gjennomføre eit 30 minuttars opplegg for bursdagsfeiring i barnehagane og skulane fredag 6. april – på 200 års dagen. Regionordføraren oppmodar alle om å gjennomføre opplegget.

- Vitalisering av VTR

Med bakgrunn i Seljord kommunestyre sitt vedtak i *PS 9/18 Etablering av felles NAV-kontor 3.gangs behandling versjon 2 av 8. mars 2018* fekk ordførar Halfdan Haugan i oppdrag av Seljord kommunestyre å sette saka om vitalisering av VTR på sakskartet.

Vedtak i Seljord kommunestyre - 08.03.2018

Felles forslag frå H, Ap, Sp, Krf, V, MDG

Kommunestyret i Seljord vedtek å knytte seg til eit felles NAV-kontor for Vest-Telemark og ynskjer med dette å bidra til å styrke og utvikle regionsamarbeidet på ein positiv måte.

Kommunestyret legg til grunn at NAV organiserar seg slik at dei i all hovudsak møter brukarane lokalt gjennom avdelingskontor eller oppsøkjande verksemd.

Kommunestyret i Seljord er uroa for at regionsamarbeidet kan utvikle seg i negativ retning og oppmodar Vest-Telemarkrådet å ta initiativ til ei brei drøfting for kva form og innhald samarbeidet skal ha.

Avgjerd: 19 stemmar for, 1 i mot (Mogens Hougaard Iversen FrP) –
Vedteke med 19 mot 1 stemme.

I rådsmøtet vart det m.a. peika på felles møte mellom formannskapa som ein del av oppfylgjing av saka.

Vedtak: *AU får i oppgåve å utarbeide forslag til opplegg for vitalisering av Rådet.*

Samrøystes vedteke

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 24. april 2018

Tilstades: Regionordførar Jon Rikard Kleven, Halfdan Haugan, Erik Skjervagen, Jarand Felland, Halvor Homme og Tarjei Gjelstad.

Frå adm møte: Anne Aasmundtveit.

Sak 16/2018 **Signaturrett**

Rådet ynskte å følgje vanleg praksis i selskaper vedkommande signaturrett; å gi fullmakt til styreleiar og dagleg leiar i fellesskap til å forplikte samarbeidsorganet ved si underskrift.

Vedtak: Jon Rikard Kleven, regionordførar, og Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar, får fullmakt i fellesskap til å forplikte Vest-Telemarkrådet ved si underskrift.

Samrøystes vedteke

Sak 17/2018 **Høyringsuttale Rapport fra ekspertutvalg; Regionreformen Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene.**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet nedsette ekspertutvalet våren 2017 som følgje av anmodningsvedtak i Stortinget 2016. Utvalet meiner regionreformen og ny fylkesstruktur legg grunnlag for ei substansiell oppgåveføring til fylkeskommunen. Regionreformen legg dermed grunnlag for at sentrale oppgåveområde for samfunnsutviklinga i ulike delar av landet betre kan sjåast i samheng og underleggast politisk drøftig nærare dei som blir berørt av

Utvalets forslag medfører nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDI, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva.

Distriktssenteret skal overta forvaltingsoppgåvene til Merkur-programmet i 2019, og med forslaget om at Distriktssentert er foreslått nedlagt, har småbutikkar i Vest-Telemark og elles i distriktsnoreg uttrykt si bekymring då programmet er av stor betydning for dei. Det er viktig i høyringsuttala å oppmode om at Merkur-programmet vert oppretthalde

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek framlegg til høyringsuttale slik den føreligg.

Samrøystes vedteke

- ***Fjellnettverket***

Fjellnettverket, som Vest-Telemarkrådet vart medlem av i 2017, inviterar til konferanse og rådsmøte 28. og 29. mai 2017 i Valdres

Ingen av ordførarane i VTR har høve til å reise, men frå administrasjonen reiser regionrådsleiaren.

- ***Digitalisering***

Det vart reist spørsmål kring kvifor stillinga som digitaliseringskoordinator ikkje var lyst ut.

Digitalisering har vore oppe som sak i Rådet ved fleire høve, og sist i rådsmøte av 13. mars då vart følgjande vedtak fatta:

Vest-Telemarkrådet ser digitalisering som ei felles utfordring alle kommunane vil tene på å samarbeide om og stør innstillinga frå rådmannsutvalet også om val av organisering. Saka sendast til kommunane for handsaming med målsetting om å starte felles samarbeid på digitalisering i tråd med framlagte disposisjon.

Tilsetting av ein digitaliseringskoordinator er ein integrert del av den framlagte disposisjonen der det står:

Det tilrådest å tilsette digitaliseringskoordinator i 100% stilling.

Stillinga skal innebære både som administrativ ressurs i styringsmodell knytt til samarbeid med tjenesteutvikling og som koordinator for fagleg samarbeid på personvern i Vest-Telemark.

Tilsettingsprosessen bør leiast av rådmannsutvalet i Vest-Telemark i samarbeid med regionrådsleiar for Vest-Telemarkrådet.

Viser og til vidare framdrift i disposisjonen.

1. Tema digitalisering vil vera tema i møte i Vest-Telemarktinget **24. april 2018.**
2. Kommunane har forplikta seg til å delta i arbeid med felles digitalisering – **ultimo mai 2018.**
3. Planlagt utlysing av stilling – **1. juni 2018**
4. Tiltreding av stilling – **1. oktober 2018**

Vedtak: *Tilsettingsprosessen av digitaliseringskoordinator skal leiast av rådmannsutvalet i Vest-Telemark i samarbeid med regionrådsleiar for Vest-Telemarkrådet. Tilsettingsprosessen skal starte opp snarast, uavhengig av den vedtekne disposisjonen. Målet må likevel vera å arbeide så tett til den vedtekne disposisjonen som råd slik at prosessen fylgjer dei vedtak og rammer som er sett for arbeidet.*

Samrøystes vedteke

Jon Rikard Kleven
Regionordfører

Jarand Felland
Regionvaraordfører

Halvor Homme
Rådsmedlem

Halfdan Haugan
Rådsmedlem

Tarjei Gjelstad
Rådsmedlem

Erik Skjervagen
Rådsmedlem

Anne Aasmundveit
Regionrådsleiar

Sak 21/2018 Prioritering av skjønnsmidlar: Nye nettsider

Innleiing

Kommunane i Vest-Telemark har samarbeida om felles innkjøp og drift av fagsystem gjennom rådmannskollegiet og det såkalla «Konfigurasjonsstyret» i ei årrekke. Også nettsideplattform har vore eit samarbeidsprosjekt frå tidleg 2000-talet.

Knytt til både innføring og drift av nettplattforma, har det vore eit utformelt fagsamarbeid kalla «Webforum»: Samarbeidet har hatt i oppgåve å gjennomføre aktuelle fellesprosjekt knytt til nettsidene, og samstundes ha ei fagleg kunnskapsdeling mellom kommunane på drift av nettsidene.

Status frå Webforum

- Webforum i seg sjølv fungerer bra som eit samarbeidsorgan, der kommunane brukar kvarandre som støttespelarar.
- Webforum opplev at det er ein del klager og kommentarar på nettsidene til kommunane.
- Kommunane ynskjer å behalde innbyggjarane og dei ynskjer å tiltrekke seg nye innbyggjarar.
- Kommunane ynskjer å vera informative, men webforum meiner at med dagens sider er dette ei utfordring.
- Utviklinga innan nettsider går raskt, og det er naudsynt med ei kontinuerleg endring og utvikling av nettsidene. Ein ser mellom anna ei auka bruk av «plug-in» og funksjonar frå tredjepartsleverandørar. Desse må tilpassast plattformen til nettsidene i samarbeid med underleverandør.
- Trong for opplæring og kompetanse for dei med ansvar for nettsidene (fleispråkleg tenestekomtaler, tenestekatalogen og generelt meir tid til webarbeid og fagutvikling).
- Kommunane er avhengig av godt samarbeid med utviklingsmiljø for drift og support av nettsidene. Dei webansvarlege opplev samarbeid med dagens leverandør som dårleg. Det er gjeven signal om at denne leverandøren ikkje lenger vil tilby service-tenester til kommunane, og webforum arbeidar med å finne alternativ samarbeidspartnar med avtale på lisens, support og drift.
- Det er ikkje så mykje tid til overs for nokon i webforum til ev. byrje på eit «prosjekt nye heimesider»

Neste møte i webforum er onsdag 20. juni.

Chatbot

Fleire og fleire kommunar tek i bruk/testar chat-robot (chatbot) som supplement til søkefelt og svar på epost. Chatboten fungerer slik at innbyggjarane får forhandsdefinerte svar på dei mest relevante spørsmåla om kommunen sine tenester, fx om opningstider og prisar. Roboten hjelper også brukarane til å finne relevant informasjon på kommunens egne nettsider eller på eksterne nettsider. Kongsbergregionen legg til grunn ein samla kostnad på +/- 500.000,- over ein treårsperiode. Relevante anbudsdokument er delt med Vest-Telemark for bruk i det vidare arbeidet.

Viktige stikkord er forenkling og brukarorientering.

Rådmann Jan Myrekrok har drøfta erfaringane Kongsbergregionen v/Halvor Rostad der han konkluderar med at det er få som navigerar i strukturen frå forsida (nettsida til kommunane). Mange kjem inn via søk på akkurat det dei lurar på. Chatboten gjer det endå enklare å finne riktig informasjon og svar. Det snakkast såleis om «hovudlause» websider, kor innhald (kan hende ikkje direkte synleg) som det kan lenkast til i chatbotløysinga er det viktigaste, ikkje struktur og design.

Etter kvart kan vi rekne med at chatboten også vil bistå med å fylle ut søknadar/skjema (skjema vil fort kunne bli overflødige) og drive enkel sakshandsaming.

Einigheit om samarbeidsprosjekt 2018

Saka var diskutert i Rådmannsutvalet i møtet 2. mai.

Rådmannsutvalet har tidlegare snakka om at mange brukarar av dei kommunale heimesidene har vanskar med å finne informasjonen dei ser etter, sjølv om den «ligg der».

Konklusjon:

Rådmennene ber om sak til Rådet med framlegg om å bytte heimesider i løpet av året, og vurderar eit meir formalisert samarbeid frå 2019. Kostnadane dekkast av avsette skjønnsmidlar i Vest-Telemarkrådet.

Budsjett og finansiering

Det er henta inn prisar frå ein alternativ leverandør som leverar nettsider. Dette må sjåast på som eit utgangspunkt, då ein må sikre at nye nettsider ivaretar kommunanes trong til funksjonar som avklarast med leverandør ved ei anskaffing.

Sider ein har som forbilde er mellom anna:

www.sor-fron.kommune.no

www.sarpsborg.com

www.skien.kommune.no

www.notodden.kommune.no

www.gol.kommune.no

www.ullensaker.kommune.no

Investeringsbudsjett – nye nettsider

Kostnadspost	Ein kommune	Totalt
Nye nettsider – skisserte oppstartskostnader	200000	1200000
Opsjon – IntelliSearch (søkemotor).	8333,33	50000
Oppstart Chatbot «Kommune Kari», m/prøveperiode	0	0
Prosjektleder / andre prosjektkostnader	50000	300000
Totalt	kr 258 333,33	kr 1 550 000,00

Driftskostnad

- Årleg lisens/vedlikehold for alle kommunane er estimert til 110.000,- kr for alle 6 kommunane ca **18.300,-** kr per kommune per år.
- Drift av portal (server-teneste) per site (kommune): anslag: **6.000-8.500,-** kr per år
- Aktuelt: søkermotor IntelliSearch (eller tilsvarende): årleg lisenskost på **6.000,-** kr per site (kommune)
- Estimat for drift av Kommune Kari (Chatbot) 42.000,- per år for Vest-Telemark, per kommune: **7.000,-** kr.

Samla estimerte årlege kostnader per kommune ved val av denne løysinga: **39.000,- kr.**

Finansiering

Kostnadspost	VTR Budsjett 2018
Skjønnsmidlar – Digital kommunikasjon	750000
Skjønnsmidlar - Digitalisering og velferdsteknologi	800000
Totalt	kr 1 550 000,00

Driftskostnader vert ikkje finansiert av Vest-Telemarkrådet.

Organisering

Prosjekteigar (PE): kommunane v//rådmennene

Prosjektansvarleg (PA): Peikast ut av rådmennene

Styringsgruppe: Rådmannsutvalet

Prosjektleder: trongen for dette må vurderast av PA

Arbeidsgruppe: Webforum. Kan knytte til seg andre aktuelle ressursar frå kommunane.

Referansegruppe: IKT tilsette, fagansvarlege for tenester som er knytt til dagens nettløysing.

Ressursbruk

Webforum må tilførast ressursar for gjennomføringa (ref. status frå webforum). Kva den einsskilde kommune treng bør avklarast kommunevis mellom deltakarane i arbeidsgruppa og rådmann/leiar.

Det må reknast 2-3 dagar med arbeid per kommune for installasjon av Chatbot.

Innføring av ny nettside vil krevje tett oppfølging og opplæring i kommunane. Estimat: 150-300 timar per kommune.

Dei eksterne kostnadane for innføringa estimert til 1.550.000,- dekkast av prioriterte skjønnsmidlar gjennom Vest-Telemarkrådet.

Køyreplan

Preliminær køyreplan

2. mai	Sak i Rådmannsutvalet i Vest-Telemark
22. mai	Sak i Vest-Telemarkrådet
5. juni	Rådmennene peiker ut PA
Medio juni	PA vurderer trong for PL
20. juni	Webforum – kartlegging av ressursbehov og organisering
Ultimo august	Konkret anskaffing / val av leverandør
14. september	Status – styringsgruppa (RU)
Medio desember	Nye nettsider er publisert

Parallell prosess

Dette prosjektet som er initiert av rådmannsutvalet i Vest-Telemark har som mål å gjennomføre innføringa av nye nettsider innan utgangen av 2018.

I møtet 2. mai peiker rådmannsutvalet på at ein vil vurdere eit meir formalisert samarbeid frå 2019. Dette er naturleg å sjå i samanheng med det pågåande arbeidet med å etablere ein felles digitaliseringsstrategi og tilsetting av digitaliseringskoordinator. Planlagte fellesprosjekt vil kunne gjennomførast parallelt med denne prosessen.

Forslag til vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til prioriteringa av skjønnsmidlar til fellesprosjekt, og arbeid knytt til nye nettsider leia av rådmannsutvalet.